

SKIKARUSELLAR

Me har kome godt i gang med skitreninga sjølv om det har vore litt kalt i den seinare tid. Me har skitrening som vanleg tysdag 27.01. kl 1730 (klassisk).

Etter det byrjar skikarusellen her i Høydalsmo. Me håpar at flest mogleg vil vera med på dette. Den er for alle. Oversikt over datoar følger under. Me vil også oppfordre dykk til å vera med på Vest-Telemark skikarusell. Dette er mindre lokale renn som har som mål å auke rekruttering til langrennsporten og skiglede generelt. Dette er for alle frå 6 år og oppover. (sjå program neste side). For dei som også kunne tenke seg å vera med på litt større renn nedover i fylket og Vestfold finn ein oversikt over dette her:

<http://skiforbundet.no/langrenn/Skirenn/Sider/Terminlistevising.aspx>

Ta gjerne kontakt med Gunnar på tlf 95110274 dersom de treng hjelp til påmelding, samkøyring, stell av ski m.m.

Skikarusellen i Høydalsmo:

Dato	Stilart	Klokkeslett(møt opp i god tid før start)
5. februar	Fristil	18:00
12. februar	Klassisk	18:00
26. februar	Fristil	18:00
5. mars	Klassisk	18:00
12. mars	Fristil	18.00
19. mars	Klassisk (skimerke)	18:00

TERMINLISTE
 VEST-TELEMARK SKIKARUSELL
 2013

Arrangør	Dato	Stilart	Stad	Klokkeslett
IL TOKKE	3. februar	Friteknikk	Dalen	Kl. 12.00
Fyresdal skiskytterlag	13. februar	Friteknikk	Veum	Kl. 18.00
Byrte IL	24. februar	Klassisk (krinsrenn)	Byrte	Kl. 12.00
Åmdal IL	28. februar	Sprint friteknikk	Åmdals Verk	Kl. 18.00
Høydalsmo IL	9. mars	Friteknikk (krinsrenn)	Høydalsmo	Kl. 11.00
IL Rein	14. mars	Fellesstart friteknikk	Haukeli	Kl. 18.00

Terminlista tilseier at IL Rein har det siste rennet, og at premieutdeling for dei som har vore med 5 eller fleire gonger (10 år +) finn stad.

Alle renna er opne for deltakarar fom 6 år tom senior. Full premiering til løparar tom 9 år på alle enkeltrenna. Frå 10 år og oppover blir det samanlagt premiering etter at alle karusellrenna er ferdige. For å få totalpremie må deltakaren ha vore med i fem av seks renn. Merk at renna i Byrte og Høydalsmo også er terminfesta krinsrenn slik at premieringa der kan bli/blir annleis. Me ynskjer alle hjarteleg velkomne til karusellrenna i Vest-Telemark, og gjer merksam på at arrangørklubbane stiller med smørehjelp til alle som måtte ynskje det. Pris per startande avgjer klubbane sjølve. NB! Ved snømangel eller andre uforutsette vanskar, kan både stilart, dato og stad for arrangementet endrast. Etteranmelding seinast 1 time før start.